



Arkivnr: 2016/573-111

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell

Samandrag

Saka gjeld handsaming av søknader til ordninga *Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*.

I samsvar med retningslinene for ordninga kan tilskot løyvast til kunst- og kulturtiltak / prosjekt innan t.d. litteratur, kulturhistorisk dokumentasjon, scenekunst, musikk, visuell kunst m.v. Søkjarane må vere profesjonelle aktørar innan kunst- og kulturlivet med aktivitet i Hordaland. Tilskota i ordninga skal i hovudsak ha ei øvre grense på 50 000 kroner. Løyvingane skal gå til regionale tiltak/prosjekt.

Det er sett av 1 200 000 kroner til ordninga i 2016, der minst 400 000 kroner av desse skal gå til tiltak med barn og /eller ungdom som målgruppe. Denne løyvinga skal fordelast over to søknadsfristar.

Ved søknadsfristen 1. april var det teke i mot 102 søknader med ein samla søknadssum på 4 424 300 kroner. Dei aller fleste søknadane var relevante for ordninga, og fylkesrådmannen legg til grunn ei streng prioritering og at få søkjarar får innvilga den totale søknadssummen. I saka vert innstilt løyvingar på til saman 748 000. Erfaring tilseier at søknadsmengda størst på våren, difor er det her tilrådd ei samla løyving på meir enn halvparten av den totale årlege tilskotssummen.

I samsvar med regional kulturplan 2015-2025 skal Hordaland fylkeskommunen bidra til større breidde i kulturtilbodet. Difor vert nyskapande tiltak, litt smalare tiltak som skapar større breidde og gjev innbyggjarane fleire val i kulturlivet ofte prioritert. Det er viktig at ein med ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* kan vere med på å realisere utprøvingar, einskildhendingar og prosjekt som ligg utanfor den faste, årlege drifta og som er store løft for arrangørar.

Søknadene og tilrådd løyving fordeler seg i ulike tema, kategoriar og sjangrar. Alle deler av fylket er også representert mellom søkjarane, sjølv om det er deler av fylket som er meir aktive enn andre. Det er lagt vekt på ei viss spreiding av midlane, men pågangen av søkjarar speglar naturleg nok også andel av midlar ein region i fylket får.

I vedlegget til saka vert kvar søknad presentert kort og fylkesrådmannen sine innstillingar er grunngjeve for kvar enkelt. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Løyvingane frå denne ordninga går frå budsjettpost 400.740. – *Stønad etter vedtak*. Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell er i denne delt i to postar: 400.740.03 – *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* (800 000 kroner) og 400.740.05 – *Kunstprosjekt og kulturtiltak barn og ungdom – profesjonell* (400 000 kroner).

Forslag til vedtak

Utvæl for kultur, idrett og regional utvikling løyver 748 000 kroner over budsjettpost 400.740, slik:

	Søkjar	Tilrådd
1	ADALIA FILM & MEDIA	avslag
2	ANETTE CECILIE BJØRNENAK	5000
3	Annie	15000
4	AUDIATUR BOKHANDEL AS	20000
5	BAL MUSETTE ANS	10000
6	BERGEN AFRO ARTS FESTIVAL	16000
7	BERGEN DOMKIRKE SOKN	avslag
8	Bergen Internasjonale Kultursenter	13000
9	BERGEN METAL FEST	17000
10	BERGEN ZINES	16000
11	BERGENFEST/ STIFTELSEN BERGEN MUSIC FEST	30000
12	BOKSALONGEN LIB AS	avslag
13	BRASSWIND	20000
14	BWSMUSIKK Barbro Wiig Sulebakk	16000
15	Cecilia Jonsson	avslag
16	Cecilia Xinyu Zhang	avslag
17	DATAROCK	avslag
18	Elisabeth Vannebo	avslag
19	Ellen Ringstad	avslag
20	Frauke Materlik	11000
21	GALLERI CHRISTINEGAARD	avslag
22	Gisle Martens Meyer	avslag
23	Grethe Fatima Grethe	avslag
24	Guri Heggland Haslerud	avslag
25	Hans Petter Gundersen	avslag
26	Hardanger og Voss museum	8000
27	HARDING PULS	avslag
28	HENRIK SKAUGE - E.I.T. MUSIKK OG PRODUKSJON	avslag
29	HISTORY DISPOSAL UNIT	avslag
30	HORDALAND KUNSTSENTER	15000
31	Ibis film as	30000
32	Ingrid Berven	avslag
33	Irene Tillung	avslag
34	Irene Tillung	10000
35	ISOTOP / Heroine	16000
36	Jan Harald Landro	25000
37	JINGYI WANG	avslag
38	Jørg Berning	avslag
39	Kamilla Sajetz Mathisen	avslag
40	KAPTEIN KNURR AS	25000
41	Kari Fauskanger	8000
42	KARINA OPDAL	avslag
43	Karina Opdal	avslag
44	KETIL KINDEN ENDRESEN	avslag
45	Ketil Mosnes	avslag
46	Kim Åge Furuhaug	avslag
47	KIRSTI VAN HOEGEE	avslag
48	Klara Sofie Ludvigsen	avslag
49	Klaus Valdemar Vatne	avslag

50	Knut Hamre	35000
51	KODE KUNSTMUSEENE I BERGEN	avslag
52	KRABATENE v/Irene Ahnéll	10000
53	Kristine Nilsen Oma	avslag
54	Kulturevent	avslag
55	KUNSTLOGEN AS	12000
56	Kunst- og designhøgskolen i Bergen	18000
57	KUNSTNERVERKSTEDER cs55	avslag
58	kunstpilotene	10000
59	kunstpilotene	avslag
60	Luca Berti	17000
61	Marta Nerhus	17000
62	MATARENA AS	avslag
63	MELAND SOKN	avslag
64	Meland sokn	8000
65	Meland sokn	avslag
66	Mirjam Raen Thomassen	avslag
67	MK Brekke	15000
68	MONO STUDIOS MORTEN NORHEIM	avslag
69	Museumssenteret i Hordaland	18000
70	Museumssenteret i Hordaland	avslag
71	Nicholas Hollund Møllerhaug	avslag
72	Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	25000
73	OPERA OMNIA	25000
74	OPERA OMNIA	18000
75	ORKESTERET FOSSEGRIMEN	avslag
76	Osafestivalen	20000
77	OSELVARKLUBBEN	avslag
78	PER OLAV KOBBERSTAD	25000
79	RAGNHILD FRENG DALE	avslag
80	S12 GALLERI OG VERKSTED AS	15000
81	SIM SALA BIM Tone Boska	10000
82	Siv Østrem Peersen	avslag
83	SPINAE COMPANY AS	avslag
84	Steinar Thorsen	25000
85	STIFTELSEN BERGEN SENTER FOR ELEKTRONISK KUNST	avslag
86	STIFTELSEN BERGEN SENTER FOR ELEKTRONISK KUNST	25000
87	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	avslag
88	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	avslag
89	STIFTELSEN OLE BULL AKADEMIET	avslag
90	STIFTELSEN TYSNESFEST	avslag
91	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	avslag
92	Sturla Heggdalsvik	avslag
93	SUNDE GRENDALAG	avslag
94	SYNTAX LANDSKAP	avslag
95	Tag team studio	10000
96	Trine Hovden	18000
97	VENELAGET OLAV H. HAUGE	avslag
98	VIOLET HILL MUSIC AS	avslag
99	Visningsrommet USF	avslag
100	Voss kommune	10000
101	Åse Eriksen	20000
102	Åse Kvalbein	16000
	SUM	748000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.05.2016

Eit av tiltaka i regional kulturplan PREMISS : KULTUR var at ein skulle gå gjennom eksisterande støtteordningar og revidere dei for å oppfylle måla i kulturplanen og gjere dei betre tilpassa behova som er i kunst- og kulturlivet.

PREMISS : KULTUR utmeisla ein kunstpolitikk, og gjennom dette har Hordaland fylkeskommune teke eit meir medvite ansvar for utvikling av den profesjonelle kunsten i fylket. Hordaland har eit svært aktivt og ambisiøst kunst- og kulturliv, og søknadsmengda i denne ordninga stadfester dette.

Hordland fylkeskommune skal bygge opp under både amatørkultur og den profesjonelle delen av kunst- og kulturlivet. Ved å dele inn i ordningane *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* og *Kulturtiltak amatør* legg ein betre til rette for å vurdere desse søknadane i sin rette samanheng. Begge desse ordningane i tillegg til ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* ligg under budsjettposten Stønad etter vedtak, og føringar og retningsliner for desse ordningane vart vedteke av KIRU i sak 19 / 16 i møte 19.01.2016.

Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell; kunst- og kulturtiltak / prosjekt innan t.d. litteratur, kulturhistorisk dokumentasjon, scenekunst, musikk, visuell kunst m.m. Dei som søkjer må vere profesjonelle aktørar innan kunst- og kulturlivet med aktivitet i Hordaland. Tilskota i denne ordninga skal i hovudsak ha ei øvre grense på 50.000 kroner. Løyvingane skal gå til tiltak/prosjekt som er av ein slik art at det har regional interesse og/eller nedslagsfelt.

Det er sett av 1 200 000 kroner til denne ordninga i 2016, der minst 400 000 kroner av desse skal gå til tiltak med barn og /eller ungdom som målgruppe. Denne løyvinga skal fordelast over to søknadsfristar.

Ved søknadsfristen 1. april var det kome inn 102 søknader med ein samla søknadssum på 4 424 300 kroner. Dei aller fleste søknadane var relevante for ordninga, og dette fører då til at det er ei svært streng prioritering og få søkjarar får innvilga den totale søknadssummen. Erfaring tilseier at søknadsmengda størst på våren, difor er det her tilrådd ei samla løyving på meir enn halvparten av den totale årlege tilskotssummen. Det vert her innstilt på løyvingar på til saman 748 000.

Det er relativt sett færre gode søknader som gjeld prosjekt med barn / unge som målgruppe. Det er her tilrådd 180 000 kroner til prosjekt som heilt eller delvis har barn og unge som hovudmålgruppe.

I vedlegg til denne saka vert kvar søknad presentert kort, og fylkesrådmannen sine innstillingar er grunngitt for kvar enkelt. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Det vart utforma nye digitale søknadsskjema i vår. Neste frist i denne ordninga vil vere 1. september.

Om ein ser søknadsmengda som var i fjor til tilskotsordninga Ålmenne kulturføremål, og som inneheldt søknader både frå profesjonelle tiltak og amatørtiltak har det vore ei markant auke. I Ålmenne kulturføremål låg det føre 115 søknader våren 2015 og 55 søknader om hausten. Ved søknadsfristen no 1. april låg det føre 64 søknader i ordninga *Kulturtiltak - amatør* og 102 søknader i *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*, altså til saman 166 søknader.

Føremål med ordninga

Ordinga skal stø opp under tiltak som er i samsvar med visjon og målsettingar i Regional kulturplan 2015-2025, stimulere til produksjon og visning av profesjonell kunst og kultur, og sikre innbyggjarar rundt om i fylket eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet. Barn og ungdom har spesiell merksemd. Stønadsordninga skal særleg ta omsyn til følgjande kulturpolitiske mål:

- Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
- Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
- Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk.

- Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktiviteter der Hordaland er eller kan vere leiande.
- Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping.

Tilskotsordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft og vere innretta for å svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunstliv i Hordaland. Ordninga skal også omfatte kulturminneprosjekt og tiltak i regi av profesjonelle aktørar, td museum. Ordninga skal kunne stø det profesjonelle kulturlivet i Hordaland og deltaking i internasjonalt samarbeid. Prosjekt utanfor landegrensene må vere i samsvar med føremål og kriteria for ordninga.

Fylkeskommunen er oppteken av å bidra til større breidde i kulturtilbodet. Difor vert nyskapande tiltak, litt smalare tiltak som skapar større breidde og gjev innbyggjarane fleire val i kulturlivet ofte prioritert. Det er viktig at ein med ordninga *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell* kan vere med på å realisere utprøvingar, einskildhendingar og prosjekt som ligg utanfor den faste, årlege drifta og som er store løft for arrangørar.

Vedteke retningslinjer og føringar for denne ordninga

Ordninga skal:

- Stimulere prosjekt/tiltak som er i samsvar med vedteken visjon for kulturutviklinga i Hordaland og som har tydeleg regional kulturverdi.
- Støtte prosjekt og tiltak som har kunst- og kulturfagleg innhald som hovudføremål.
- Stimulere til produksjon og vising av samtidskunst av høg kvalitet innan ulike kunstformer og sjangrar.
- Stimulere til profesjonelt, prosjektbasert arbeid med innsamling, dokumentasjon, bevaring og formidling av materiale som utgjer grunnlaget for auka kunnskap om historie, kunst, kulturar og samfunnsliv i Noreg.
- Stimulere til mangfaldig kunst- og kulturaktivitet rundt om i fylket, både når det gjeld innhald og deltaking.
- Stimulere til kontakt, samhandling og nettverk på tvers av sjangrar og kommunegrensar for profesjonelle kulturaktørar i fylket.
- Gje høve til å prøve ut nye prosjekt og tiltak som kan vere med på å vidareutvikle kulturlivet i Hordaland. Dette kan t.d. vere pilotprosjekt som vil ha overføringsverdi til andre.
- Stimulere til nyskapande formidlingsmåtar for eit samansett publikum.
- Stimulere til å skape og formidle kunst og kultur for barn og unge. Spesielt blir det oppfordra til å jobbe for ei større ungdomsdeltaking i det profesjonelle kunst- og kulturtilbodet.

Andre moment:

- Det kan gjevast støtte til samarbeidsprosjekt mellom profesjonelle og amatørar.
- Prosjekt som hovudsakleg går føre seg i skuletida må vurderast i høve til Hordaland fylkeskommune sine etablerte ordningar for kunst- og kulturformidling i skulen.

Det blir ikkje løyvd støtte til følgjande:

- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald ol.
- Amatørverksemd.
- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande.
- Utgjeving / publisering av skjønnlitteratur, film og musikk. Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.
- Underskotsgaranti.
- Tiltak som har idrett og friluftsliv som hovudføremål.

Felles retningslinjer for ordningane «Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell», «Kulturtiltak - amatør», og «Større kulturprosjekt med regional verdi»:

- Ordningane skal ha søknadsfrist to gonger i året.
- Det skal nyttast nettbasert søknadsskjema.
- Søknad om støtte til eit og same tiltak blir vanlegvis berre handsama ein gong i løpet av eit budsjettår.
- Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søkje tilskot frå desse ordningane om det gjeld til særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving.
- Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og søknaden vert såleis avslått dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum. Søkjar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett.
- Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt, og det vert venta at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.

Vurdering av regional verdi og andre kriterium for vurdering

I tråd med kulturlova skal kommunane gjennom organisatorisk og økonomisk tilrettelegging sikre eit breitt lokalt kulturtilbod. Kommunane har førstelineansvar i kultur- og idrettspolitikken, noko som inneber å sikre eit mangfald av tilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunane skal ikkje overta kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til spesialiserte kulturtilbod innan ein viss reiseavstand. Omsynet til fylkeskommunen si regionale utviklarrolle skal liggje til grunn for tilskotsforvaltninga. Omgrepet regional viser her til to prinsipielle hovudkriterium:

1. *Geografisk kriterium* (geografisk nedslagsfelt og verkeområde):
Om den aktuelle verksemda eller tiltaket omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune.
2. *Funksjonskriterium* (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg):
Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitetar og føremoner.

I vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det einkilde høve, kan det vere naturleg å sjå geografi- og funksjonskriteria i samanheng. Det vert vidare lagt vekt på følgjande omsyn (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger.

I høve profesjonelle aktørar og miljø vil det ofte vere naturleg å stille høgare krav til fagleg tyngd og fagleg kvalitet, medan det for amatørar vil bli lagt meir vekt på i kva grad tildelinga skapar aktivitet, kor mange som tek del, i kva grad tiltaka skapar lokalt/regionalt engasjement og om tiltaket bidreg til eit levande kulturliv for allmenta i regionen.

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse/jamne tiltak. Slik fylkesrådmannen ser det er det likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak slik at aktørane ser støtta som driftstilskot. Søkjar må vere merksam på at dette er prosjekttilskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse.

Nokre større festivalar får årleg støtte frå Hordland fylkeskommune sitt kulturbudsjett. I tillegg har fleire festivalar søkt prosjektstøtte frå tidlegare ordningar som t.d. Ålmenne kulturføremål. Som eit tiltak i regional kulturplan skal det utarbeidast retningsliner for fylkeskommunal stønad til festivalar og store kultur- og idrettsarrangement. Desse er førebels ikkje ferdigstilte, men fylkesrådmannen legg her fram forslag til omsyn og vurderingskriteria som - i tillegg til skal ligge til grunn for prioriteringar for festivalstøtte:

- festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og vilje til utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- formidlingsevne og publikumsoppslutning
- festivalane som tradisjonsberarar
- soliditet, effektivitet og profesjonalitet i festivalorganisasjonen
- festivalens si tyding/forankring i eigen kommune og region
- tilskot til festivalen frå kommune og stat

Generelt om søkjarane og vurdering av søknadane

Det er eit jamt høgt nivå på søkjarane, og dei aller fleste kunne i prinsippet fått løyvingar gjennom denne ordninga. Når ein må prioritere strengt vart det gjort opp mot dei vedtekte føringane og føremålet med ordninga. Dei som har fått positivt tilsegn skårar høgt på denne skalaen og oppfyller fleire av punkta.

I botn for dette ligg prinsippet om at dei som skal få løyvingar skal ha sterk regional relevans og verdi. Det er tidlegare i saka og på nettsidene knytt til ordninga gjort greie for kva ein legg i dette omgrepet. Det delast her i hovudsak inn i regional verdi ut frå dei to kriteria geografisk kriterium og funksjonskriterium. Det geografiske kriteriet er ein meir målbar storleik mens funksjonskriteriet er meir basert på skjøn. Når det gjeld profesjonell kultur og spesielt kunst er funksjonskriteriet spesielt aktuelt.

I følgje retningslinene ligg dette til grunn når det gjeld økonomien i prosjekta som søker: «Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjekt er viktig, og søknaden vert såleis avslått dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssum. Søklar kan evt. legge fram alternativ finansieringsplan/skalert budsjett. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt, og det vert venta at søklar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.» Då samla søkjarbeløp er mykje større enn den summen ein har til rådighet i denne ordninga vert det ikkje grunnlagt for kvar enkelt som får delvis innvilga søknadssummen kvifor søknadssummen ikkje vert totalt innfridd.

Kunstproduksjon

Det er i denne søknadsomgangen ein stor del med søkjarar som søker om støtte til kunstproduksjon. Det er no opna for stønad til meir reint kunstnarlege prosjekt enn det har vore gjort i tidlegare søknadsordningar. Dette krev ei meir kunstfagleg vurdering av kvalitet og innhald i dei omsøkte prosjekta. Dette vart omtalt i sak 19/16 som vart lagt fram i møte 19.01.16.

I følgje retningslinene vert det ikkje gitt støtte gjennom denne ordninga til utgjeving / publisering av skjønnlitteratur, film og musikk. Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi. Denne formuleringa kan tolkast som om ein då kan gje støtte til t.d. forarbeid og innspeling av fonogram, filmar og bøker. Ein har i denne handsaminga valt å fortolke denne retningslina som å gjelde heile prosessen. Ein grunn til at denne retningslina er sett opp er at slike føremål har andre meir reindyrka søknadsordningar for dette m.a. gjennom Norsk kulturråd og Vestnorsk Filmsenter. Det ville også vere vanskeleg å vurdere slike søknader på ein god måte i ei slik brei ordninga som *Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell*.

Dei søknadane med kunstfagleg hovudinnhald som då gjenstår som relevante her er då m.a. utarbeiding og framføring av scenekunstprosjekt, konsertar, utstillingar ol.

Følgjande ang vurdering av søknader om støtte til kunstproduksjon vart lagt fram i sak 19/16:

Vurdering av søknader med kunstfagleg innhald i ordninga:

Det er stor aktivitet innan det profesjonelle, frie samtidskunstfeltet i Hordaland, og fylkeskommunen tek i mot mange søknader om stønad til ulike prosjekt. Mange av søknadane kjem frå einskildkunstnarar/kunstnargrupper, og det kan vere vanskeleg å skilje og prioritere desse ut frå dei breie,

meir ålmenne kriteria som har ligge til grunn for t.d. ordninga Ålmenne kulturføremål. Det er også vanskeleg å vurdere i kva grad slike prosjekt og produksjonar har verdi for kulturlivet i større delar av fylket. Ein har difor sett eit behov for ei forsvarleg kunstfagleg vurdering av slike søknader, dvs. av kvaliteten i prosjektet og søkjarane si gjennomføringsevne og realisme.

Vurdering av søknadane inneber både kunstfaglege og kulturpolitiske element. Det er viktig at tiltaket vert vurdert som realistisk, kunstnarleg relevant og av høg kvalitet. Det kan vere strukturelt problematisk at eit politisk vedtak også ei kunstfagleg vurdering. Norsk kulturråd jobbar t.d. etter prinsippet armlengds avstand, noko som inneber at det politiske ansvaret er avgrensa til å vedta rammer og overordna målsettingar for kunstpolitikken, medan det vert eit kunstfagleg ansvar å foreta vurdering og tildeling til enkelte kunstprosjekt.

Slik fylkesrådmannen ser det, er dette er ei økonomisk avgrensa ordning som gjeld mange kunstartar og sjangrar, og som heller ikkje er avgrensa til kunstproduksjon. Det er difor ikkje høveleg å etablere eit sett med faste komitear for kvar sjanger/kunstart. Fylkesrådmannen ser det som aktuelt å innhente kunstfaglege råd frå fagmiljøa i saksførebuinga og vil tilrå å samarbeide med dei regionale kompetansesentra innan ulike kunst- og kulturformer, t.d. Hordaland kunstsenter, Norsk forfattersentrum, Proscen(frie scenekunstnarar). Prosjekt og tiltak vil bli lagt fram for utpeikte og kompetente rådgjevarar for vurdering av kunstnarleg kvalitet. Fylkesrådmannen vil i innstillinga sjå desse innspela i samanheng og ta ei heilskapleg vurdering for heile søknadstilfanget. Det skal gå fram av saksframlegget kven som har gitt råd i saka, og habilitetsreglementet vil bli lagt til grunn.

I tråd med dette er det innhenta faglege råd frå konservator ved KODE med spesialfelt visuell samtidskunst, og frå musikkprodusent i Hordaland fylkeskommune si Kunst og kulturformidling i skulen.

Når det gjeld vurdering av desse søknadane til meir reint kunstnarlege prosjekt er det ikkje gjort detaljert greie for dei reint kunstnarlege vurderingane for kvar enkelt søkjar i vedlegget med søknadsoversikt og grunngjeving. Dei som har fått positivt tilsegn er kunstnarar som har vist arbeid av høg kvalitet, og i fleire av tilfella er det i tillegg andre meir utanomkunstnarlege tilhøve som m.a. er knytt til det geografiske kriterium for regional verdi som ligg til grunn for tilsegnet.

Det ligg føre svært mange søknader om støtte til kunstprosjekt av høg kvalitet, og det inneber at fleire gode kunstnarar også har fått avslag. Det er praksis, mellom anna i Norsk Kulturråd, å ikkje gje detaljert skildring av kunstprosjekt, kvalitet og kunstnarlege kvalifikasjonar i offentlege dokument. I vedlegget vert det såleis generelt vist til dette avsnittet i saka (Kunstproduksjon).

Søknader frå institusjonar og organisasjonar som får driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett

Det ligg her føre ein god del søknader frå institusjonar og organisasjonar som får årleg driftsstøtte over HFK sitt kulturbudsjett. Mange av desse har ein svært stram driftssituasjon som ikkje tillèt å setje av ordinære midlar til større samarbeidsprosjekt og utprøvingar.

I følgje retningslinene kan ikkje organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK få tilskot frå ordninga om det ikkje gjeld særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving.

Dette er i fleire tilfelle ein vurderingssak, men det er viktig at ein er ryddig i forhold til at ikkje prosjektmidlar vert brukt på tiltak som bør falle inn under ordinær drift og samfunnsoppdraget som ligg til grunn for driftsstøtta til institusjonane / organisasjonane. Driftsstøtte ligg på svært ulikt nivå og det er difor ulikt kva ein kan krevje at skal gå føre seg innan dei ordinære driftsmidlane.

Museumsfeltet er viktig for Hordaland fylkeskommune, og det ligg alltid føre ein del søknader frå musea. Mange av musea er aktive og ønskjer å setje i gang prosjekt. Dei konsoliderte musea er dei største postane på fylkeskommunen sitt driftsbudsjett, og der er i tillegg midlar knytt til oppfyljing av den regional museumsplanen. Sjølv om musea likevel ikkje har romsleg økonomi er det viktig at ein ser på desse prosjektsøknadane med ein klårt blikk på om dei fell inn under forventa oppdrag eller at dei skil seg ut frå dette med å vere spesielle prosjekt mht til samarbeid og utprøving.